



Foreldrekveld - Trygt og godt skolemiljø

Det du viser på skjermen:	Handling
Eventuell eigen PowerPoint for eigen del av møtet	<p>Ønske velkomen og informere om plan for møtet, inkludert rekkefølge og tidsbruk</p> <p>Eventuelt informasjon eller drøftingssaker som skolen vil inkludere i møtet.</p> <p>Det er lurt å gjøre dette først om alle skal vere samla. Alternativet er å ha felles tema-del først, og så gå på ulike avdelingar.</p>
Opne nettsida	<p>Introduser temaøkt:</p> <p>I denne delen av møtet skal vi bruke eit opplegg som er laga av Livet&Sånn. Møtet kjem utan forelesar, men vi gjer så godt vi kan og brukar dette saman. Vi skal sjå eit par filmar, og snakke litt i grupper. Temaet er jo stort, men i denne gråe boksa her ligg det tips til kvar ein kan finne meir kunnskap om dette etter møtet.</p>
	<p>Temaet i kveld er trygt og godt skolemiljø. Vi skal starte med ein film Statsforvalteren har laga til elevar for å informere om dette: Retten til et trygt og godt skolemiljø - YouTube</p>
	<p>Livet&Sånn har laga ei brosjyre til heimane om kva de kan bidra med for godt læringsmiljø. (del ut eller vis på pdf)</p> <p>La foreldra snakke litt saman om forslaga i brosjyra om korleis foreldre kan bidra til gode læringsmiljø. Kva av dette vil foreldra gjøre i år? Kven vil ta medansvar for å arrangere noko?</p>
	<p>Når barna opplever eller uttrykker at noko er vanskeleg kan ein bli usikre på kva som er lurt å gjøre. Stort sett alltid vil det vere lurt å bekrefte følelsen eller opplevelsen til barnet før ein gjer noko meir. Vi skal sjå ein film om validering: Følelsar er til for å følast (validering) - YouTube</p>
	<p>Her er ei slags oppskrift ein kan følgje når barnet kjem heim frå skolen og fortel om noko dumt som har skjedd. Punkt 3 er berre med dersom du hører at barnet ditt har reagert på måtar som ikkje er greitt. Og ofte vil det vere nok å berre bruke dei første punkta.</p> <p>Prøv gjerne litt på kvarandre. Eller snakk om korleis det vil kjennast å bli møtt slik, eller møte barnet slik. Og husk at det må virke ekte i møtet med barnet for å ha effekt!</p>
	<p>Avslutt med å vise kvar foreldra kan finne dette på sida heime – og sei at du vil sende lenke på e-post. Vis også at heimane kan følgje resten av det trinnet gjer i Livet&Sånn, og at der er eigne sider til heimane for kvart tema.</p> <p>Takk for at de kom og vel heim!</p>